

Kontrollkomiteen NHF Region Vest 2016 – 2018.

Kontrollkomiteens arbeid baserer seg på lover og retningslinjer sett av Norges idrettsforbund (NIF), og der dei to første avsnitta i NIFs lov § 2-12 er spesielt relevante: *Kontrollkomiteen skal føre tilsyn med organisasjonsleddets økonomi. Kontrollkomiteen skal påse at organisasjonsleddets midler er anvendt i henhold til lover, vedtak, bevilgninger og økonomiske rammer, samt at de foretatte økonomiske disposisjoner er i samsvar med organisasjonsleddets lov og beslutninger fattet av årsmøte/ting. Kontrollkomiteen skal videre forsikre seg om at organisasjonsleddets interne økonomiske kontroll er hensiktsmessig og forsvarlig. Kontrollkomiteen skal påse at organisasjonsleddets regnskapsførsel er pålitelig og at dets årsregnskap og delårsrapporter gir et korrekt uttrykk for organisasjonsleddets drift og finansielle stilling. Kontrollkomiteen skal ved gjennomgang av regnskapene vurdere organisasjonsleddets finansielle stilling, forvaltning og drift.*

Komiteen sitt arbeid i perioden:

Kontrollkomiteen i NHF Region Vest har hatt 5 møter i perioden. Leiar i komiteen har i tillegg hatt eit møte med Regionsstyret midt i perioden.

Av praktiske og økonomiske grunnar har møta blitt halde via skype. Regionsleiar og dagleg leiar har delteke på to av møta.

Varamedlem møter vanlegvis på alle møta, men har hatt permisjon i delar av perioden.

Komiteen har hatt tilgang på dokument og protokollar via nettsidene. Øvrige dokument har blitt tilsendt frå administrasjonen.

Komiteen har også hatt fokus på at Regionsstyret har hatt jamnleg evaluering og oppfølging av oppgåvene som Regionstinget har prioritert.

Regionsstyret har også stadfesta at dei i perioden har innarbeida «Rutiner og retningslinjer for praktisering av åpenhet i Norges Håndballforbund».

2016

Kontrollkomiteen har gått gjennom regionen sitt rekneskap for 2016.

Komiteen har også fått «Uavhengig revisors beretning» for 2016.

Rekneskap for NHF Region Vest viser eit årsresultat for 2016 med underskot på kr 1 165 243.

Underskotet skuldast overforbruk, men komiteen har funne at bruken av dei økonomiske ressursane har gått til formål som er innanfor regionen sine oppgåver, mål og handlingsprogram.

Kontrollkomiteen tilrår at styret si årsmelding og NHF Region Vest sitt rekneskap for 2016 vert godkjend av Regionstinget.

2017

Kontrollkomiteen har gått gjennom regionen sitt rekneskap for 2017.

Komiteen har også fått «Uavhengig revisors beretning» for 2017.

Rekneskap for 2017 viser eit årsresultat med overskot på kr 1 583 504. Dette er vesentleg betre enn budsjett. Ut frå komiteen sin vurdering har dette si hovudårsak i auka inntekter.

Kontrollkomiteen tilrår at styret si årsmelding og NHF Region Vest sitt rekneskap for 2017 vert godkjend av Regionstinget.

Kontrollkomiteen har vurdert NHF Region Vest si finansielle stilling, forvaltning og drift.

Kontrollkomiteen meiner styret har lagt fram eit rett bilde av NHF Region Vest si finansielle stilling, og at forvaltning og drift har blitt gjort på ein forsvarleg måte.

Bergen 24.03.2018


Arvid Gimrestad

Leiar


Oddny Anita Sønnesyn

Medlem


Magne Juuhl

Medlem

Thor-Finn Elverhøy
Varamedlem